



Bergen kommune
Byrådsleders avdeling
Pb. 7700
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4683 - 15/5043

Saksbehandlar:
Ingvild Hjelmtveit
ingvild.hjelmtveit@meland.kommune.no

11.03.2015

Kommunal forvaltning av Sivilforsvarsmateriell

Vi viser til skriv dagsett 10.12.14 om deling av fellesutgifter knytt til kommunal forvaltning av Sivilforsvaret sitt materiell.

På vegner av kommunane i Nordhordland blir dette skrivet lagt fram som eit felles skriv. Vi ber om at tilbakemelding vert sendt alle kommunane.

Kravet frå Bergen kommune er heimla i Sivilbeskyttelseslova (sbl) § 13. Med utgangspunkt i denne lovheimelen er det ikkje usemje om at kommunane har eit ansvar for å dekkja kostnader til lagring og vedlikehald av Sivilforsvaret sitt materiell. Det er likevel fleire moment som gjer at vi er usikre i høve til kravet frå Bergen kommune. Nokre av kommunane i Nordhordland har allereie betalt. Dei kommunane som ikkje har betalt vil avvente betaling til avklaring føreligg.

Kommunane vil peika på at ein finn det svært uheldig at kravet ikkje er varsla tidlegare. Vi har ikkje lagt inn dekning for eit slikt krav i 2014. Ein finn det vidare uheldig at Bergen kommune i dette tilfelle ikkje har teke spørsmål om fordelingsmodell opp med kommunane med sikte på å finna ei minneleg løysing. Bergen kommune viser til at saka er drøfta med DSB. Vi viser i den samanheng til departementet ikkje har fylgt opp sbl. § 13 med ei forskrift om fordeling. Vi kan såleis ikkje sjå at DSB er ein naturleg part i ei slik drøfting.

Kravet frå Bergen kommune er samla sett kr. 1,4 mill. Vi har ikkje motteke noko grunnlag for å kunna vurdera det samla kravet opp mot krava som ligg til tenesta. Vi merkjer oss også at Bergen kommune legg opp til at kostnadene for 2015 vil verta monaleg høgare ved at det vert tilsett ein kommunal forvaltar av sivilforsvarsmateriell i full stilling. Kommunane ber om ei nærare informasjon kring dette slik at ein kan vurdera kostnadsgrunnlaget for tenesta.

Kommunane stiller også spørsmål ved den kostnadsdelinga som Bergen kommune legg opp til. Vi meiner at det er svært uheldig at denne ikkje er drøfta med kommunane i forkant.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Til sist stiller vi spørsmål om andre kommunar med lokale lager kan ha heime for å fremja vidare krav. Dette spørsmålet bør vurderast i samband med ei vidare oppfølging.

Vi føreset at ein saman kan finna fram til semje kring kostnadsgrunnlag og delingsnøkkel for 2015.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kommunar i Nordhordland